

**KVALITETSSTANDARD
FOR TILDELING AV TENESTER
I PLEIE OG OMSORG**



September 2016

Innholdsliste

Innleiing	5
1.1 Kvalitetsstandarden har lagt fylgjande prinsipp til grunn	5
1.2 Målsetting	5
1.3 Tenestene Skjåk kommune tilbyr	5
1.4 Prinsipp for saksbehandling	6
1.5 Klage	6
1.6 Kva kan forventast av tildelingskontoret/tenesteytar	7
1.7 Kva vi forventar av brukar	7
Tenester.....	8
2.0 TT-kort	8
2.1 Lovgrunnlag	8
2.2 Generelt	8
2.3 Målsetting	8
2.4 Kven kan få tenesta	8
2.5 Når TT-kortet ikkje skal brukast	8
3.0 Ledsagerbevis	9
3.1 Lovgrunnlag	9
3.2 Målsetting	9
3.3 Retningsliner for tildeling av ledsagerbevis for funksjonshemma	9
3.4 Kriterium for tildeling	10
4.0 Parkeringsløyve	10
4.1 Lovgrunnlag	10
4.2 Generelt	10
4.3 Målsetting	10
4.4 Kven kan få tenesta	10
4.5 Forventningar til brukar	11
4.6 Forventningar til saksbehandlar	11
5.0 Velferdsteknologiske hjelpemiddel	11
5.1 Lovgrunnlag	11
5.2 Målsetting	11
6.0 Tryggleiksalarm	12
6.1 Lovgrunnlag	12
6.2 Målsetting	12
6.3 Kven kan få tenesta	12
6.4 Vilkår for leige av tryggleiksalarm	12
6.5 Kvalitetskrav til tryggleiksalarmltenesta	13
6.6 Kva kan brukar forvente av tenesteytar	13
6.7 Forventningar til brukar	13
6.8 Praktiske opplysningar	13
7.0 Matombringing	13
7.1 Lovgrunnlag	13
7.2 Målsetting	13
7.3 Kven kan få tenesta	13
7.4 Vilkår for å abonnere på ordninga	13
7.5 Tenesteinnhald	14
7.6 Kva kan brukar forvente av tenesteytar	14
7.7 Våre forventningar til brukar	14
7.8 Praktiske opplysningar	14
8.0 Støttekontakt	14

8.1 Lovgrunnlag	14
8.2 Målsetting	14
8.3 Kriterium for tildeling	14
8.4 Tenesteinnhald	14
8.5 Våre forventningar til brukar	15
9.0 BPA (Brukarstyrt personleg assistanse).....	15
9.1 Lovgrunnlag	15
9.2 Målsetting	15
9.3 Kven kan få tenesta	15
9.4 Tenesteinnhald	15
9.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar	16
9.6 Våre forventingar til brukar	16
9.7 Kommunale vilkår	16
10.0 Opplæring i daglege gjeremål	16
10.1 Lovgrunnlag	16
10.2 Målsetting	16
10.3 Kven kan få tenesta	16
10.4 Opplæring og praktisk hjelp.....	16
11.0 Praktisk hjelp – daglege gjeremål	17
11.1 Lovgrunnlag	17
11.2 Målsetting	17
11.3 Kven kan få tenesta	17
11.4 Tenesta blir ytt i samsvar med fylgjande standard	17
11.5 Ernæring	17
11.6 Opgåver som ikkje inngår i tenesta	18
11.7 Kva kan brukar forvente av tenesteytar	18
11.8 Våre forventningar til brukar	18
11.9 Praktiske opplysningar	19
12.0 Kvardagsrehabilitering	19
12.1 Lovgrunnlag	19
12.2 Målsetting	19
12.3 Kven kan få tenesta	19
12.4 Tenesteinnhald	19
12.5 Våre forventningar til brukar	20
13.0 Helsetenester i heimen	20
13.1 Lovgrunnlag	20
13.2 Målsetting	20
13.3 Kven kan få tenesta	20
13.4 Tenesta blir ytt i samsvar med fylgjande standard	20
13.5 Opgåver som ikkje inngår i tenesta	21
13.6 Kva kan pasienten forvente av tenesteytar	22
13.7 Våre forventningar til pasienten	22
13.8 Praktiske opplysningar	22
14.0 Dagsenteret i Skjåk	22
14.1 Lovgrunnlag	22
14.2 Kven kan få tenesta	22
14.3 Målsetting	22
14.4 Tenesta	23
15.0 Omsorgsbustad	23
15.1 Lovgrunnlag	23
15.2 Generelt	23

15.3 Målsetting	23
15.4 Kven kan få tenesta	23
15.5 Kriterium for tildeling av omsorgsbustad i Skjåk kommune	23
15.6 Praktiske opplysningar	24
16.0 Miljøarbeid i heimen	24
16.1 Lovgrunnlag	24
16.2 Målsetting	24
16.3 Kven kan få tenesta	25
16.4 Kva kan brukar forvente av tenesteytar	25
16.5 Våre forventningar til brukar	25
16.6 Kommunale vilkår	25
17.0 Avlastning i avlastningsbustad eller privat heim	25
17.1 Lovgrunnlag	25
17.2 Målsetting	25
17.3 Kven kan få tenesta	25
17.4 Tenesteinnhald	26
17.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar	26
17.6 Våre forventingar til brukar	26
17.7 Kommunale vilkår	26
17.8 Praktiske opplysningar	26
18.0 Omsorgsløn	26
18.1 Lovgrunnlag	26
18.2 Målsetting	27
18.3 Grunnprinsipp om omsorgsløn	27
18.4 Kven kan få tenesta	27
18.5 Klage	28
19.0 Avlastning i institusjon	28
18.1 Lovgrunnlag	28
19.2 Målsetting	28
19.3 Kven kan få tenesta	28
19.4 Tenesteinnhald	28
19.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar	28
19.6 Kva kan vi forvente av brukar	29
19.7 Praktiske opplysningar	29
20.0 Korttids- og rehabiliteringsopphald i institusjon	29
20.1 Lovgrunnlag	29
20.2 Målsettinga	29
20.3 Kven kan få tenesta	29
20.4 Tenesteinnhald	29
20.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar	30
20.6 Våre forventningar til brukar/pårørande/hjelpeverje	30
20.7 Praktiske opplysningar	30
21.0 Langtidsopphald i institusjon	30
21.1 Lovgrunnlag	30
21.2 Målsetting	31
21.3 Kven kan få tenesta	31
21.4 Tenesteinnhald	31
21.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar	31
21.6 Våre forventningar til brukar/pårørande/hjelpeverge	32
21.7 Kommunale vilkår	32
21.8 Praktiske opplysningar	32

Skjåk kommune skal i fylge kommuneplanen bruke ressursane sine effektivt og sosialt rettferdig, slik at velferda til innbyggjarane blir så god som mogleg. Med ei open og framtidssretta innstilling til omverda skal vi arbeide for å ta vare på og utvikle eigenarten til bygdesamfunnet. Innbyggjarane skal få høve til å bruke evnene sine og delta på alle område av samfunnslivet.

Innleiing

Kvalitetsstandard for pleie- og omsorgstenesta i Skjåk kommune er ei presisering av korleis Skjåk kommune ynskjer å tilby tenester til innbyggjarane. Målet er å skapa ei felles forståing for korleis tenesteytinga skal vera – i tråd med politiske prioriteringar, krav frå styremakter, etiske og tverrfaglege vurderingar og fagleg kvalitet.

Kvalitetsstandarden skal danne grunnlag for utforminga av kommunale tenester. Dette skal gjeva både innbyggjarar og tenesteutøvarar god informasjon om kva dei kan forvente av tenestene.

Kommunen vil også tilby samtaler om eksistensielle spørsmål, i samsvar med verdigheitsgarantien.

1.1 Kvalitetsstandarden har lagt fylgjande prinsipp til grunn

- All tenesteyting skal bygge på prinsippet «hjelp til sjølvhjelp».
- All tenesteyting skal ta utgangspunkt i ressursane til den enkelte og medverke til at brukaren held ved lag eller vinn att mest mogleg eigenmeistring.
- Innbyggjarane i Skjåk kommune har rett til å få tilrettelagde tenester, slik at dei kan bu heime så lenge som mogleg.
- Skjåk kommune skal ha gode, fleksible, tilstrekkelege og påreknelege tenester med stor grad av brukarmedverknad.

1.2 Målsetting

- Tildeling av tenester skal skje ut frå BEON-prinsippet (Beste effektive omsorgsnivå).
- Tenestene skal ha høg kvalitet.
- Tenestene skal involvere brukarane og gjera medverknad mogleg.
- Tenesteytar skal utnytte ressursane godt og effektivt.

1.3 Tenestene Skjåk kommune tilbyr

- TT-kort
- Ledsagerbevis
- Parkeringsløyve
- Tryggleiksalarm
- Andre velferdsteknologiske hjelpemiddel
- Matombringing
- Støttekontakt
- Brukarstyrt personleg assistanse
- Opplæring i daglege gjeremål
- Praktisk hjelp – daglege gjeremål

- Kvardagsrehabilitering
- Helsetenester i heimen/heimesjukepleie
- Dagsenter
- Omsorgsbustad
- Miljøarbeid i heimen
- Avlastning i bustad eller privat heim
- Omsorgslønn
- Avlastning i institusjon
- Korttidsopphald i institusjon
- Korttidsopphald for rehabilitering i institusjon
- Langtidsplass på institusjon

1.4 Prinsipp for saksbehandling

- Saksbehandlinga fylgjer prinsippa i forvaltningslova.
- Søknader og personlege opplysningar blir behandla konfidensielt.
- Teieplikta gjeld.
- Tenestene skal ta utgangspunkt i det den enkelte greier sjølv, og kva som skal til for at brukar vinn att eller held oppe størst mogleg grad av eigenmestring.
- Brukarane skal få tenester vurdert ut frå lovverk, tverrfagleg individuell vurdering og vedteken standard. Andre slags saksbehandlingsverktøy kan nyttast
- Det blir lagt vekt på brukarmedverknad i tilrettelegging av tenestene.
- Tildelingskontoret vil saman med brukar finne ut kva tenestar han/ho treng. Dei tek ei IPLOS-vurdering av behovet brukar har for helsehjelp. (IPLOS er kartlegging som gjer greie for ressursar og hjelpebehov til dei som søker eller mottek kommunale tenester).
- Brukarane skal i møte med Skjåk kommune få god service, der vi er tilgjengelege, imøtekommende og kjem med god informasjon om tenester, rettar og plikter.
- Tildelingskontoret tek kontakt med søker for å gjera avtaler. Det blir vanlegvis gjort ved heimebesøk eller ved besøk der brukar er i kommunen. For søkerarar frå andre kommunar vil det bli innhenta opplysningar frå den respektive kommunen.
- Ved akutt behov for tenester vil tildelingskontoret saman med tenesteutførar finne tiltak som skal setjast i verk. Vedtak om tildeling av tenester blir skrive i etterkant.
- Brukarar som har behov for langvarige og samordna tenestar, skal få tilbod om individuell plan, jf. «Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2–5».
- Tenesteytar skal evaluere vedtaket kontinuerleg, og rapporterer ved behov for endringsvedtak.

1.5 Klage

Alle vedtak kan påklagast innan tidsfrist, og kvart vedtak skal informere om dette, i fylge Pasient- og brukerrettighetsloven §7-2, første ledd og Forvaltningslova §28. Dersom det er behov for hjelp til å skrive klaga, kan tildelingskontoret hjelpe til. Klaga blir sendt til tildelingskontoret, som vurderer vedtaket på nytt. Dersom klaga gjeld ei ikkje lovpålagt teneste og vedtaket blir halde ved lag sender tildelingskontoret klaga og sakspapira vidare til formannskapet, som er den kommunale klagenemnda. Gjeld vedtaket ei lovpålagt teneste og vedtaket blir halde ved lag sender tildelingskontoret klaga og sakspapira til Fylkesmannen i Oppland for endeleg avgjersle.

1.6 Kva kan forventast av tildelingskontoret/tenesteytar

Dette er felles for alle tenestene, meir spesifikke forventningar står under kvart enkelt tenestetilbod.

- Teieplikt.
- Respekt og vennlegheit.
- Heilskapleg behov for hjelp blir kartlagt saman med brukar.
- Skriftleg vedtak og forklaring av tenesta.
- Tilbodet blir revurdert ved endring i behov.
- Eventuelle klager blir tekne på alvor.
- Er det behov for hjelphemiddel, vil tildelingskontoret hjelpe til med å formidle dette.
- Tenesteytar/ tildelingskontoret pliktar å hjelpe til med å skaffe relevant informasjon om tenestar innan pleie og omsorg.
- Tenesta blir ytt i samsvar med vedtak.
- Tildelingskontoret kan hjelpe til med å innhente opplysningar frå, og eventuelt søkje om tenester frå andre forvaltningsorgan, som til dømes NAV.

1.7 Kva vi forventar av brukar

Dette er felles for alle tenestene, meir spesifikke forventningar står under kvart enkelt tenestetilbod.

- Brukar gjev tildelingskontoret nødvendige opplysningar, og/eller fullmakt til å innhente opplysningar som er relevante for tenesta.
- Brukar gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket.
- Brukar som har husdyr må sørge for at disse ikkje er til sjenanse for tenesteytar.
- Brukar gjev beskjed til tildelingskontoret eller tenesteytar ved endring av behov
- Dersom det blir røykt i huset, skal det luftast godt ut før tilsette kjem.
- Brukar viser tenesteytarane respekt i arbeidet deira.
- Den som er sett til å hjelpe, skal ikkje kontaktast på fritida, med mindre dette er spesielt avtala.
- Brukar melder frå til tildelingskontoret dersom noko ikkje er tilfredsstillande, eller om han/ho har behov for informasjon, råd, rettleiing og eventuelt klage.
- Ved mellombels opphold i Skjåk kommune må brukar gjera sitt til at heimkommunen formidlar informasjon som er nødvendig for at tildelingskontoret kan utføre god saksbehandling, og for å ha grunnlag til å fatte vedtak om tildeling av teneste.

Tenester

2.0 TT-kort

2.1 Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagd teneste.

2.2 Generelt

TT-ordninga er regulert av Oppland fylkeskommune og organisert av Rogaland Taxi, Stavanger. Ordninga gjeld for personar over 10 år. TT-brukaren får tildelt eit kronebeløp på eit kort, heretter kalla brukarkort. Brukarkortet er eit personleg kort som berre kan nyttast av den kortet er utferda til. Turen skal betalast med TT-kort, men kan også betala som ein kombinasjon med kontantar og brukarkort. Alle godkjente brukarar kan ha med seg ein fylgjeperson gratis dersom brukar ikkje kan reise aleine. Dette må kryssast av i søknaden. Det er Lom og Skjåk Tildelingskontor som behandler innkomne søknader av TT-kort.

I tillegg til dør-til-dør-tilbodet gjev ordninga brukaren rett til «fri-reiser» i det ordinære rutetilbodet til Opplandstrafikk, unntatt bestillingsruter og fylkeskryssande ekspressruter. Tildeling skjer annakvart år etter søknad frå brukar. Alle må søkje på nytt etter to år.

2.3 Målsetting

TT-ordninga skal medverke til at yngre brukarar med varig forflytningshemming av fysiske eller psykiske årsaker skal kunne leva eit så aktivt liv som mogleg.

2.4 Kven kan få tenesta

Transportordning for forflytningshemma er eit tilbod til dei som har store vanskar med å nytte det kollektive rutetilbodet på heimstaden. Søknad om spesialtransport kan godkjennast ut frå fysisk og psykisk forflytningshemming. Med varig forflytningshemming meiner vi minimum to år. Det skal vera direkte samanheng mellom den varige forflytningshemminga og den manglande evna til å nytte ordinære kollektivtilbod.

Søkjaren må ha eit individuelt transportbehov, og vera i stand til å nytte transporttilbodet. Personar som misbruker, nyttar lite eller ikkje nyttar TT-kortet gjennom året, vil bli trekt ut av ordninga.

Prioriterte søkerar er:

- Blinde og svaksynte.
- Personar som er heilt avhengige av rullestol.
- Andre sterkt forflytningshemma brukarar etter særskilt vurdering.

2.5 Når TT-kortet ikkje skal brukast

- Reiser som blir dekt av folketrygda (godkjende attføringsopplegg og medisinske undersøkingar/behandlingar).
- Transport til avlastningsopphald/institusjon.
- Skuleskyss og arbeidsreise.

3.0 Ledsagerbevis

Eit ledsagerbevis er eit dokument i form av eit kort som blir skrive ut til den funksjonshemma. Ledsagerbeviset skal gi den funksjonshemma sin ledsager fri entré til offentlige kultur- og fritidsarrangement samt offentlige transportmidler som den funksjonshemmede ikkje ville kunne delta i/nyttiggjere seg utan bistand. Ledsagerbevis er gratis og blir delt ut av søkerjars bustadkommune. Nedre aldersgrense for søkerarar er normalt 8 år.

3.1 Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagd teneste. Det er opp til kommunen å utarbeide retningsliner for ordninga. Ordninga blir vedteke og administrert av bustadkommunen, men er gyldig for alle stader som brukar ordninga i heile landet.

3.2 Målsetting

Ordninga skal være et verkemiddel for å førebygge isolasjon og dermed bidra til auka livskvalitet for den funksjonshemma. Ordninga med ledsagerbevis gjeld personar med funksjonshemming normalt av minst 2-3 års varighet.

3.3 Retningsliner for tildeling av ledsagerbevis for funksjonshemma

3.3.1 Funksjonshemming

Med funksjonshemming meines eit misforhold mellom individuelle forutsetningar og miljøets/ samfunnets krav til funksjon på område som er vesentlege for etablering og moglegheit for å oppretthalde eit sosialt liv og sjølvstendigheit.

3.3.2 Ledsager

Ledsager er den som hjelpt den funksjonshemma slik at han/ho skal kunne oppnå formålet med ordninga

3.3.3 Søknad

Den funksjonshemma søker bustadkommunen på fastsatt skjema. Søknaden skal vedleggas passfoto. Ved behov kan Tildelingskontoret hente inn informasjon frå enten primærlege, legespesialist, offentlig godkjent helseinstitusjon eller kommunens helse- og sosialetat om den funksjonshemmedes behov for ledsager.

3.3.4 Lengde på vedtaket

Ved utskriving av beviset vurderer kommunen kor lenge beviset skal vere gyldig, det kan gjevast tidsavgrensa eller varig. Det skal stå på beviset kor lenge det er gyldig.

3.3.5 Gyldighet

Ledsagerbeiset gjeld for adgang til dei aktivitetar, bygningar, transportmidlet m.v. som aksepterer ordninga. Offentlig fastsett symbol bør settas opp på stader som aksepterer ordninga. Ordninga er landsdekkande og kan brukas over kommune- og fylkesgrensene.

3.3.6 Klage

Vedtak om å innvilge eller avslå søknad om ledsagerbevis er å sjå som eit enkeltvedtak. Dette vedtaket kan i samsvar med Forvaltningslovens § 28, 2. ledd klagast til det kommunale klageorgan.

3.4 Kriterium for tildeling

Ledsagerbevis er berekna på personar med sjukdom eller nedsatt funksjonsevne med behov for bistand for å kunne delta på arrangement. Ledsagerbevis vil blant anna vere aktuelt for personar med:

- Bevegelseshemming
- Hørselshemmning
- Synshemmning
- Utviklingshemming
- Allergiar
- Andre typar funksjonshemminger, som psykiske lidinger og hjerte-lunge-sjukdommer og anna

4.0 Parkeringsløyve

4.1 Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagd teneste.

4.2 Generelt

Parkeringsløyve for folk med rørslehemming gjer at brukarar kan parkere på reserverte og merkte plassar. Løyvet kan gjelde både sjåfør og passasjer, noko som må kryssast av i søknaden. Løyvet gjeld i avgrensa tidsrom, maksimalt fem år.

4.3 Målsetting

Parkeringsløyvet er meint som eit hjelpemiddel for personar som grunna vesentleg nedsett evne til å bevege seg over lengre avstand fritt har eit særleg behov for parkering på ein eller fleire konkrete stader.

4.4 Kven kan få tenesta

Parkeringsløyve blir tildelt etter skjønn, med bakgrunn i «Forskrift om parkering for forflytningshemmede». I søknaden må passfoto og fråsegn frå fastlege/legeerklæring ligge ved. Ved fornying må gamle kort innleverast.

4.5 Forventningar til brukar

Forventningar er at brukar ikkje misbruks kortet på noko vis.

4.6 Forventningar til saksbehandlar

Kommunen kan tilbakekalle beviset ved misbruk.

5.0 Velferdsteknologiske hjelpemiddel

Velferdsteknologi er eit relativt nytt omgrep og føyer seg inn i rekka av mange omgrep som med ulik innretning beskriv teknologiske løysingar som einskildindivid kan nyttiggjere seg for auka eigenmestring, samfunnsdeltaking og livskvalitet.

Velferdsteknologi vert delt inn i fire ulike hovudkategoriar utifrå behov, funksjon for brukar, pårørande og hjelpar:

Tryggleik og sikringsteknologi:

Hjelpemiddel for å skape trygge rammer rundt den enkelte og mestring av eiga helse. Den mest brukte løysinga innanfor denne gruppa er tryggleiksalarmer, som kan utvidast med varslings- og lokaliseringsteknologi og ulike sensorar.

Kompensasjons- og velværeteknologi:

Hjelpemiddel som kan nyttast ved hukommelsestap, eller fysisk funksjonssvikt.

Teknologi for sosial kontakt

Hjelpemiddel for å kome i kontakt med andre.

Teknologi for behandling og pleie

Hjelpemiddel for at den enkelte betre skal kunne mestre eigen helse ved kroniske lidingar. (Eks. måling av blodsukker og blodtrykk)

5.1 Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

5.2 Målsetting

Velferdsteknologiske hjelpemiddel skal bidra til at innbyggjarane er i stand til å bu heime, eller i omsorgsbustad så lengje som mogleg. Brukarane skal sikrast tryggleik i den livssituasjonen ho/han er i og hjelpe midla skal bidra til dette.

Tildeling av velferdsteknologiske hjelpemiddel blir vurdert ut i frå kartlegging av funksjonsnivå og behov for hjelpe middel.

6.0 Tryggleiksalarm

6.1 Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagd teneste, kan gjevast som eit servicetilbod.

6.2 Målsetting

Tryggleiksalarmen skal bidra til at innbyggjarane er i stand til å bu heime eller i omsorgsbustad så lenge som mogleg. Alarmen skal hjelpe brukarane til å kjenne seg trygge i den livssituasjonen dei er i.

Hjelp i ein akuttsituasjon:

Ved hjelp av tryggleiksalarm skal brukaren kunne tilkalle hjelp i ein akuttsituasjon. Ein akuttsituasjon er å forstå som ein tilstand brukaren brått eller i løpet av nokre timer kjem i, der han/ho straks treng hjelp av helsepersonell.

6.3 Kven kan få tenesta

- Søknad frå brukar må føreliggje.
- Brukar må ha eigen fasttelefon eller mobilabonnement.
- Brukar må vera i stand til å forstå korleis tryggleiksalarmen fungerer.
- Einslege blir prioriterte, men for personar som treng omsorg i ein familiesituasjon, skal den totale familiesituasjonen leggjast vekt på.
- Prioritering av brukarar som har nedsett evne til å bevege seg, med fare for fallulykker.
- Prioritering av brukarar som føler seg svært utrygge.
- Prioritering av brukarar med kronisk sjukdom som hindrar bruk av vanleg telefon.
- Prioritering av brukarar som har teknisk utstyr (f.eks. elektrisk rullestol/seng o.l.) som kan svikte, og som kan føre til behov for hjelp i ein situasjon utanfor rekkevidde av vanleg telefon.

6.4 Vilkår for leige av tryggleiksalarm

- Brukarane av tryggleiksalarm er kopla opp mot Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter på Otta, som vidareformidlar alarmen til heimesjukepleia i kommunen eller eventuelt pårørande.
- Brukar må betale månadsleige for tryggleiksalarmen.
- Brukarar som kjøpar eigne tryggleiksalarmer, må fylle kriteria i kvalitetsstandarden for pleie- og omsorgstenesta i kommune for å bli knytt opp mot heimesjukepleia.
- Vedlikehald og reparasjonar som fylgje av vanleg bruk blir dekt gjennom månadsleiga.
- Leigetakar må sjølv betale skade som er påført som fylgje av uforsiktig bruk.
- Kommunen har rett til å inndra tryggleiksalarmer som ikkje blir brukte etter formålet.
- Det må vera framkomeleg/brøytt veg til bustaden.

6.5 Kvalitetskrav til tryggleiksalarmtenesta

- Det skal vera mogleg å tilkalle hjelp 24 timer i døgnet.
- Brukar får opplæring i bruk av tryggleiksalarmen.
- Brukaren skal få hjelp så raskt som mogleg når behovet er der.

6.6 Kva kan brukar forvente av tenesteytar

- Opplæring i bruk av alarmen og skifte av batteri.
- Telefonisk kontakt eller hjelp av helsepersonell ved utløyst alarm.
- Alarmen skal testast etter rutine.

6.7 Forventningar til brukar

- Alarmen kan brukast når uventa situasjonar oppstår.
- Brukaren bør ha på seg alarmen til ei kvar tid
- Alarmen skal behandlast forsvarleg. Nøkkelskåp blir montert. Boksen, med husnøkkelen inni, blir montert utanfor inngangsdøra. Slik kan tenesteytar alltid koma seg inn til brukar dersom det er behov for det.

6.8 Praktiske opplysningar

- Brukar betaler leige for alarmen og avgift for alarmtenesta. Leiga blir fastsett av kommunestyret.

7.0 Matombringing

7.1 Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagd teneste. Tenesta kan bli gjeve som eit servicetilbod.

7.2 Målsetting

Levering av ferdig middagsmat kan bidra til å dekkje ernæringsbehovet til innbyggjarar som av helsegrunnar ikkje sjølv er i stand til å klare dette. Ordninga kan førebygge feilernæring og sjukdom. Dette kan vere eit førebyggjande helsetiltak.

7.3 Kven kan få tenesta

- Brukar må bu eller opphalde seg i kommunen.
- Utkøyring av mat er mynta på heimebuande med fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemmning som ikkje er i stand til å ivareta ernæringsbehovet sitt.
- Tenesta kan i enkelte høve vere eit servicetilbod til eldre og funksjonshemma.

7.4 Vilkår for å abonnere på ordninga

- Abonnenten må forplikte seg til å abonnere på minimum to porsjonar i veka.
- Dersom brukaren har behov for hjelp til å varme maten, blir det i tillegg fatta eit enkeltvedtak om «Helsehjelp i heimen». Heimetenesta skal utføre denne oppgåva.

- Det er ein føresetnad at brukar har mikrobølgjeomn til dette.

7.5 Tenesteinnhald

- Maten blir produsert i kjøkkenet på institusjon og køyrd ut til brukar ein eller to dagar kvar veke.
- Diett blir levert dersom det er medisinske årsaker som tilseier det.
- Kvar porsjon er merka med haldbarheitsdato.

7.6 Kva kan brukar forvente av tenesteytar

- Levering av middag i samsvar med vedtak.

7.7 Våre forventningar til brukar

- Brukar gjev beskjed ved behov for diett.
- Avbestilling må skje seinast kl. 14.00 dagen før levering. Elles blir det kravd betaling.
- Brukar skal vera til stades ved levering, eller sørge for at nokon tek imot maten. Maten kan også hentast på institusjonskjøkkenet same dag før kl. 14.30.

7.8 Praktiske opplysninger

- Kommunestyret vedtek pris per porsjon.
- Faktura blir send på etterskot kvar månad.

8.0 Støttekontakt

8.1 Lovgrunnlag

*Lov om helse- og omsorgstjenester §1–1, 3–1 og 3–2 nr. 6 bokstav b.
Pasient- og brukerrettighetsloven, §2-1a.*

8.2 Målsetting

Støttekontakta og treningskontakt skal bidra til at den som mottek tenesta, skal få meiningsfull fritid og samvær med andre.

8.3 Kriterium for tildeling

Ordninga gjeld for brukarar med psykisk, sosial og/eller fysisk funksjonshemning.

8.4 Tenesteinnhald

- Ei støttekontakt skal hjelpe eit anna menneske til å ha eit sosialt liv og ei meir meiningsfull fritid.
- Støttekontakta kan koma heim på besøk, vera med på kino, kafé, trening eller andre aktivitetar.

- Ordninga skal bidra til å hindre isolasjon og einsemd.
- All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), etter individuell og tverrfagleg vurdering.

8.5 Våre forventningar til brukar

Brukar må fylgje vedtak i samsvar med timer som er tildelte.

9.0 BPA (*Brukarstyrt personleg assistanse*)

9.1 Lovgrunnlag

BPA er heimla i

Lov om helse- og omsorgstjenester § 3–8. Kommunen skal ha tilbod om personleg assistanse etter §3-2, første ledd nr. 6 bokstav b., i form av praktisk hjelp og opplæring, organisert som brukarstyrt personleg assistanse.

Pasient- og brukerretighetsloven, §2-1a og §2-1d «Rett til brukerstyrt personlig assistent».

9.2 Målsetting

- Med BPA skal det vera mogleg for brukaren å delta i aktivitetar og ha eit sjølvstendig liv trass funksjonshemming, og at han/ho skal kunne bu i eigen bustad så lenge som mogleg. Det er ein føresetnad at brukar eller den som representerer han/ho, skal vera arbeidsleiar for hjelparane.
- Med praktisk hjelp/opplæring skal brukar få rettleiing og opplæring til daglege gjeremål.

9.3 Kven kan få tenesta

Brukarar med psykiske, sosiale og/eller fysiske funksjonshemmingar.

9.4 Tenesteinnhald

Brukarstyrt personleg assistanse

- Dette er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp for funksjonshemma.
- Ordninga skal medverke til nettverksbygging.
- Ordninga skal yte hjelp til å koma i gang med arbeid, dagtilbod og fritidsaktivitetar.
- Brukar skal ha rolla som arbeidsleiar og sjølv ha ansvar for organisering og innhald innanfor den tildelte timeramma. Når brukar sjølv ikkje har arbeidsleiarrolla, vil den som får rolla, ha det same ansvaret som brukaren har.
- Praktisk hjelp/opplæring
- Planlegging og gjennomføring av daglege gjeremål ved bruk av t.d. dagsplanar eller vekeplanar.
- Opplæring i daglege gjeremål.

9.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar

- Tilbod blir revurdert ved endra behov eller ein gong per år.
- Målet med tenesta blir avklart saman med brukar.
- Tenestetilboden skal vurderast i samanheng med andre tenestetilbod.
- Hjelp til å skaffe personlege assistenter.

9.6 Våre forventingar til brukar

- Brukar skal fungere som arbeidsleiar i samsvar med føresegndene i arbeidsmiljølova når det gjeld kravet til godt arbeidsmiljø for dei personlege assistentane.
- Ved praktisk hjelp/opplæring skal brukar vera til stades og delta aktivt i opplæring og ved rettleiing.
- Brukar held seg til vedteke timetal.

9.7 Kommunale vilkår

- Søkjar må bu eller opphalde seg mellombels i kommunen.
- Tenesteytingar som krev medisinsk og fagleg kompetanse som er heimla i «Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m., medrekna helsetenester i heimen, skal normalt ikkje organiserast gjennom BPA.

10.0 Opplæring i daglege gjeremål

10.1 Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3–2 nr. 6 bokstav b.

Pasient- og brukerretighetsloven, §2-1a.

10.2 Målsetting

Med praktisk hjelp/opplæring skal brukar få rettleiing og opplæring til daglege gjeremål.

10.3 Kven kan få tenesta

Brukarar med psykiske, sosiale og/eller fysiske funksjonshemminger.

10.4 Opplæring og praktisk hjelp

- Planlegging og gjennomføring av daglege gjeremål ved bruk av t.d. dagsplanar eller vekeplanar.
- Opplæring i daglege gjeremål.
- Ved praktisk hjelp/opplæring skal brukar vera til stades og delta aktivt i opplæring og ved rettleiing.

11.0 Praktisk hjelp – daglege gjeremål

11.1 Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3–2 nr. 6 bokstav b.

Pasient- og brukerretighetsloven, §2-1a.

11.2 Målsetting

- Brukar skal kunne bli buande i eigen heim trass nedsett funksjonsnivå så lenge det er fagleg forsvarleg.
- Behovet for hjelp til daglege gjeremål blir oppfylt.
- Brukar som har ei tyngjande omsorgsoppgåve når det gjeld til sjuke/funksjonshemma familiemedlemmer, kan få hjelp til daglege gjeremål for å kunne greie daglege utfordringar og førebyggje andre tenestebehov.

11.3 Kven kan få tenesta

Praktisk hjelp i heimen kan tildelast innbyggjarar i kommunen som har ei tyngjande omsorgsoppgåve eller er heilt avhengige av praktisk og/eller personleg hjelp for å greie daglege gjeremål.

11.4 Tenesta blir ytt i samsvar med fylgjande standard

11.4.1 Nødvendig reinhald

- Hjelp til reinhald av rom som er i dagleg bruk – støvturking, golvvask, støvsuging og vask av wc/bad.
- Hjelp til oppvask av kjøkkenutstyr.
- Hjelp til innvendig vask av kjøleskåp og mikrobølgeomn.
- Hjelp til skift av sengeklede.
- Hjelp til klesvask.

11.4.2 Nødvendige ærend

- Hjelp til å handle inn matvarer og hygieneprodukt – bruk av konto på butikk.
- Hjelp til å hente inn post og brensel dersom det er lett tilgjengeleg for tenesteutførar.

11.5 Ernæring

- Tenesteytar skal ha sokjeljos på ernæringsituasjonen til brukar.
- Tenesteytar kan tilby tilrettelegging/smørjing av brødmat.
- Tenesteytar kan tilby hjelp til oppvarming av ferdig laga middagsmat.

11.6 Oppgåver som ikkje inngår i tenesta

- Det vil alltid bli vurdert slik at det brukaren greier sjølv, skal brukar gjera sjølv så langt det er råd. Greier brukaren t.d. å turke støv ved hjelp av hjelphemiddel(vasketralle), blir det ikkje gjeve hjelp til støvturking.
- Storreingjering av tak og veggger, vask av vindauge, boning av golv, flytting av store og tunge teppe, puss av syltvøy og kopar, innvendig vask av skåp, skifting av dobbeltglas o.l.
- Reinhald av rom som ikkje er i dagleg bruk.
- Baking.
- Huslege oppgåver i samband med gjester og vaksne heimebuande.
- Hagearbeid som for eksempel stell av blomsterbed, grasklipping o.l.
- Hjelp til husdyrhald.
- Hjelp til flytting.
- Førebuing av høgtider.
- Fylgje til lege, korttidsopphald på Skjåkheimen, banken o.l.
- Tenesteytar har ikkje tilgang til å nytte bankkortet til brukar for å hente ut kontantar eller handle matvarer og andre varer. Dette gjeld også handtering av kontantar.
- Frakting av søppelsekk.

11.7 Kva kan brukar forvente av tenesteytar

- All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivået (ved blant anna bruk av IPLOS-registrering) i tillegg til individuell og tverrfagleg vurdering.
- Det blir gjeve beskjed seinast dagen før dersom avtaler må forandrarst.
- Ved sjukdom kan det gjevast beskjed same dag.
- Tenesteytar vil samhandle med brukar om utføringa av tenesta.
- Tenesta blir organisert slik at det blir bruk for færrest moglege tenesteytarar.
- Fell heimehjelps dagen på ein heldag, blir det i det enkelte tilfellet vurdert om hjelp kan gjevast virkedagen før eller første virkedag etterpå.

11.8 Våre forventningar til brukar

- Brukar skal vera til stades når tenesteytar kjem, og skal melde frå om han/ho ikkje er heime til avtalt tid.
- Når brukar mottek tenester i heimen, blir heimen automatisk arbeidsplassen til tenesteytar. Brukar skal gjera sitt til å skapa ein god arbeidsplass for tenesteytar jf. vedtekten i arbeidsmiljøloven §§ 1–1 og 4–4.
- Brukar har ansvar for at heimen er utstyrt med nødvendig og tilpassa utstyr, t.d. reingjermingsmiddel, reingjermingsutstyr som vaskebytte/vaskefille/mopp o.l. til utføring av arbeidsoppgåvene.

- På det tidspunktet som er avtalt, må brukar sørge for at vegen er framkommeleg/brøytt og trygg uansett årstid,
- Det må vera lys utandørs slik at det er lett å finne fram for tenesteytar.
- God hygiene er viktig for både brukar og tenesteytar. Derfor skal flytande såpe og turkepapir vera tilgjengeleg.

11.9 Praktiske opplysninger

Eigenbetaling skjer på grunnlag av netto inntekt av den samla skattbare inntekta for husstanden (ektefelle/sambuar,) før særfrådrag. Inntektsgrensa blir justert etter grunnbeløpet i folketrygda, og vedteken av kommunestyret kvart år.

12.0 Kvardagsrehabilitering

12.1 Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2.

Pasient og brukerrettighetsloven §2-1a.

12.2 Målsetting

Ved hjelp av kvardagsrehabilitering skal brukar få rettleiing og opplæring til å utføre daglege gjeremål for å auke eigen evne til å mestre daglege aktivitetar. Kvardagsrehabilitering er tidsavgrensa, planlagde prosessar med klare mål og verkemidlar, der fleire aktørar/profesjonar samarbeider om å gje assistanse og rettleiing. Målsettinga er at brukar skal oppnå best mulig funksjons- og mestringsevne, sjølvstende, og sosial deltaking i samfunnet gjennom å ha fokus på kva som er viktig for den einskilde.

12.3 Kven kan få tenesta

- Søkjar må ha eit aktivitetsproblem og/eller ein funksjonsnedsetting, som gjer kvardagen vanskeleg å meistre
- Brukar må ha eit rehabiliteringsbehov som ikkje krev opphold i institusjon.
- Det må finnast eit rehabiliteringspotensiale som inneber at søker responderer på den trening/stimuli som tenesta inneheld.
- Funksjonsnedsettinga må ikkje vere av ein slik art at søker må ha trening dagleg eller fleire gonger pr. dag over lang tid.
- Tilbodet skal vurderast fortløpende og avsluttast så snart målsetting er oppnådd.

12.4 Tenesteinnhald

- All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivået i tillegg til individuell og tverrfagleg vurdering.
- Tidleg og intensiv trening. Tidsavgrensa vedtaksperiode.
- Tverrfagleg innsatsteam
- Opplæring og trening i å utføre daglege gjeremål

12.5 Våre forventningar til brukar

- Brukar og heimetenesta skal i fellesskap utarbeide klare og realistiske hovud- og delmål for opplæringa/treninga.
- Brukar må sjølve definere eigne mestringsmål
- Brukar må vera tilstade og delta aktivt i opplæringa og ved rettleiinga.
- Brukar må vere motivert til å gjennomføre eigentrening.

13.0 Helsetenester i heimen

13.1 Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. §§ 1-1, 3-1 og 3-2, nr. 6 bokstav a Pasient og brukerrettighetsloven, §2-1a.

13.2 Målsetting

Med nødvendig helsehjelp skal pasienten skal kunne bu heime så lenge det er fagleg forsvarleg

13.3 Kven kan få tenesta

- Heimesjukepleie blir tildelt alle som bur eller oppheld seg i kommunen, og som oppfyller vilkåra for å motta helsehjelp.
- Heimesjukepleia blir tildelt for å hjelpe den som av fysiske og/eller psykiske årsaker ikkje greier ta eige liv og helse i vare på ein forsvarleg måte.

13.4 Tenesta blir ytt i samsvar med fylgjande standard

Mål og planar for brukartenesta blir utforma i samarbeid med pasient og eventuelt pårørande, jf. «Lov om pasient- og brukerrettigheter», og «Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester»

13.4.1 Personleg stell og omsorg

- Hjelp til å stå opp og leggje seg, personleg hygiene.
- Hjelp til dusj og hårvask. I samband med dusj får brukar hjelp til å klippe neglar ved behov. Stell av vanskelege neglar må fotpleiar ta seg av.
- Opplæring i bruk av utstyr ved inkontinens, stell av stomi, kateterisering og stell av urinkateter.

13.4.2 Ernæring

- Tenesteytar skal ha søkjelys på ernæringssituasjon hjå pasient.
- Det kan gjevast tilbod om tilrettelegging/påsmørjing av brødmat.
- Det kan gjevast hjelp til å varme opp ferdig laga middagsmat. Tenesteytar må sørge for at det er mat i heimen, jf. matutkøyring. Dette inneber ikkje handling av matvarer.

13.4.3 Tilsyn

- Tilsyn i form av besøk eller telefonoppfølging frå tenesteytar skal ha eit klart, konkret formål og vera fagleg begrunna.

13.4.4 Administrering av medikament

Hovudregelen er at pasienten bør ta hand om medisinane sjølv. Hjelp til å administrere medisinar kan innvilgast når:

- pasienten har nedsett minne/vurderingsevne.
- pasienten har betydeleg nedsett funksjonsevne.
- pasienten er rusavhengig.

13.4.5 Sårbehandling

- Heimesjukepleia kan bidra med sårstell i heimen dersom det er svært vanskeleg for pasienten å koma seg til helseenteret i Lom, og når det føreligg fagleg grunngjeving frå dokter/spesialisthelsetenesta om at sårstell må utførast av helsepersonell.
- Pasient med behov for sårbehandling som blir vist til heimesjukepleia, skal som hovudregel vera vurdert av dokter.
- Pasient med kroniske sår får refundert utgifter til sårutstyr frå Helfo.
Heimesjukepleia/tildelingskontoret kan hjelpe til med å søkje Helfo om refusjon av kostnader i samsvar med folketrygdlova.

13.4.6 Prøvetaking, undersøking, injeksjonar o.l.

- Normalt er det lege som gjer dette.
- Dei tenestene pasienten kan få tilbod om andre stader, vil hovudsakleg ikkje bli tilbydd. Eksempel er ulike typar blodprøver, injeksjonar som f. eks. B 12, influensavaksine og liknande. Dersom det av helsegrunnar ikkje lèt seg gjere at pasienten kan få utført desse tenestene hjå lege, må det føreliggje ein søknad om tenesta.
- Måling av blodtrykk, puls og blodsukker er ledd i ein observasjon.
Undersøkingane skal ha fagleg grunngjeving og vera tidsavgrensa.

13.4.7 Omsorg ved slutten av livet

Pasientar som ønskjer det, skal kunne få døy i heimen, med sine nærmeste rundt seg.
I desse tilfella skal tenesta ta sikte på:

- Den døyande skal sikrast best mogleg pleie og stell gjennom færrast mogleg personar å ha tilhøve til.
- Ynske og behov den døyande har, skal så langt som mogleg imøtekomast.
- Omsorga skal sikre at dei pårørande får nødvendig hjelpe og støtte.
- Samhandling med behandlande sjukehus og/eller fastlege blir avklart.
- Det kan gjevast tilbod om smerte- og symptomlindrande behandling.

13.5 Oppgåver som ikkje inngår i tenesta

- Pasientar som treng akutt medisinsk/kirurgisk og psykiatrisk behandling, skal visast til spesialisthelsetenesta.
- Fylgje til lege og opphold i institusjon.

13.6 Kva kan pasienten forvente av tenesteytar

- Tenesteyter vil samhandle med pasienten om utføringa av tenesta.
- Pasienten får beskjed seinast same dag dersom avtaler må forandrarst.
- Tenesta er organisert med færrast moglege tenesteytarar ved primærskjukhus.
- Eldre og uføre som mottek heimesjukepleie til hjelp med personleg hygiene, har rett til regelmessig og gratis oppfølging ved offentleg tannklinik. Jf. tannhelselova §§2–1 og 1–3.

13.7 Våre forventningar til pasienten

- Pasienten må vera til stades i heimen og gje beskjed dersom han/ho ikkje er heime til avtalt tid.
- Når pasienten mottek tenester i heimen, blir heimen automatisk arbeidsplassen til tenesteytar. Pasienten skal gjera sitt til å skapa ein god arbeidsplass for tenesteytar, jf. vedtekten i arbeidsmiljølova.
- Pasienten har ansvar for at heimen er utstyrt med nødvendig og tilpassa utstyr, t.d. neglesaks, toalettsaker og temperaturmålar.
- Pasienten må sørge for at vegen er framkommeleg/brøytt og trygg uansett årstid.
- Det må vera lys utandørs slik at det er lett finne fram.
- God hygiene er viktig for både pasient og tenesteytar. Derfor skal flytande såpe og turkepapir vera tilgjengeleg.

Når det blir søkt om hjelp til å administrere medisinar, må pasienten samtykke til at medikamentehandteringa føregår i samsvar med «prosedyre for legemiddelhandtering i heimesjukepleia».

13.8 Praktiske opplysningar

Tenesta er gratis.

14.0 Dagsenteret i Skjåk

14.1 Lovgrunnlag

Dett er ikkje ei lovpålagnad teneste. Tenesta vert ytt som eit tiltak for å møte pliktene i «Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene» § 3, 2. ledd pkt. 4 og 16.

14.2 Kven kan få tenesta

Tilbod om dagaktivitetar er ein del av det kommunale omsorgstilbodet. Tenesta rettar seg mot brukarar med behov for å auke evna til eigenomsorg, fysisk, psykisk og sosialt. Det same gjeld for brukarar med behov for trening/aktivisering/vedlikehald av ferdigheiter.

14.3 Målsetting

Dagsenteret har som mål at det skal vera ein plass der menneske skal bli møtt med respekt og tillit, der dei kan få brukta evnene sine for å styrke sjølvbildet og få ein meiningsfylt kvardag.

14.4 Tenesta

Dagsenteret på Skjåkheimen er eit fleirbruksenter for ulike brukargrupper. Dagsenteret nyttar lokal på Skjåkheimen. Aktivitørane er innimellom ute på avdelingane på Skjåkheimen med forskjellige aktivitetar. Kan og gjevast som *Inn på tunet- tilbod*.

Dagsenteret blir i dag nytta av brukarar frå:

- Heimenestene for funksjonshemma.
- Psykiatrisgrupper.
- Bebruarane på Skjåkheimen.
- Demensgruppe.

Dagsenteret samarbeider med friviljugsentralen, og er også ein møtestad for dei med fysiske, psykiske og sosiale hemmingar.

15.0 Omsorgsbustad

15.1 Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3–7.

15.2 Generelt

Ein omsorgsbustad er fellesnemnar for bustader med ulike tilpassingar, som skal bidra til at bebruarane i større grad skal kunne meistre kvar dagen tilfredsstilande.

Omsorgsbustaden er tilrettelagd for orienterings- og forflytningshemma.

Omsorgsbustader er ikkje fast bemanna, men brukarane kan få tildelt andre kommunale tenestar på individuell basis, slik andre heimebuande får.

Omsorgsbustadene blir tildelt av bustadsforvaltningsnemnda, med representantar frå NAV, pleie- og omsorgstenesta, teknisk etat, servicetorget og tildelingskontoret. Tildelinga skjer etter kriterium utarbeidde av nemnda, jf. kriterium for tildeling av omsorgsbustad i Skjåk kommune.

15.3 Målsetting

Brukarar skal ha eit mest mogleg sjølvstendig liv i ein tilrettelagd bustad.

15.4 Kven kan få tenesta

Tenesta er eit tilbod til personar over 18 år som på grunn av psykisk og fysisk funksjonshemming treng tilrettelagd bustad for å greie utføre daglegdagse og praktiske gjeremål mest mogleg sjølvstendig.

15.5 Kriterium for tildeling av omsorgsbustad i Skjåk kommune

Tilbod om omsorgsbustad er ikkje lovpålagt, men i «*Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester*» m.m. § 3–7 står det:

«§ 3–7. Boliger til vanskeligstilte»

Kommunen skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpevernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker. »

1. Det må føreliggje skriftleg søknad.
2. Søkjær må ha behov for eit trygt bumiljø.
3. Søkjær må ha behov for tilrettelagd bustad på grunn av funksjonshemming slik at han/ho kan oppretthalde evna til sjølvhjelp og derfor ha mindre behov for hjelp til daglegdagse og praktiske gjeremål.
4. Søkjær må ha omsorgsbehov, og spesielt behov for nærliek til tenestetilbodet.
5. Det blir forventa at søker kan ha eit leigeforhold over tid.
6. Søkjær må høyre heime i Skjåk.
7. Den nåverande bustaden til søker må vera vurdert i forhold til funksjonsnivået han/ho har.
8. Bustadsforvaltningsnemnda skal kunne vurdere behov for bustad til den enkelte opp mot dei bustadene kommunen har til disposisjon, slik at bustadene kan bli nytta til det beste for den enkelte, og slik at kommunen har høve til å yte best mogleg tenester. Like eins å vurdere behovet for bustad for pasientar på Skjåkheimen som ikkje kan greie seg i eigen bustad, men som vil kunne fungere i tilrettelagt bustad.
9. Ved tvil om behovet for omsorgsbustad, skal kommunen nytte IPLOS-kriteria som eit ledd i vurderinga av tildelingsgrunnlaget (IPLOS er eit kartleggingsverktøy for vurdering av fysisk og psykisk funksjonsnivå hjå brukarar).

15.6 Praktiske opplysningar

- Husleigekontrakt skal skrivast.
- Husleiga er etter gjeldande regulativ, vedteken av kommunestyret.

16.0 Miljøarbeid i heimen

16.1 Lovgrunnlag

Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2–1 a andre ledd.

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. 3–2 nr. 6 bokstav b.

16.2 Målsetting

Brukar skal ha eit mest mogleg aktivt og sjølvstendig liv trass si funksjonshemming.
Han/ho skal kunne bu i eigen tilrettelagd bustad så lenge som mogleg. Brukar skal kunne få ein meiningsfull fritid.

16.3 Kven kan få tenesta

Søkjar som har eit særleg hjelpebehov på grunn av funksjonshemming/utviklingshemming, der det er nødvendig med god tilrettelegging av aktivitetar og fritid i daglelivet. Tenesta blir gjeven uavhengig av buform.

16.4 Kva kan brukar forvente av tenesteytar

- All tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), etter individuell og tverrfagleg vurdering.
- Hjelp til at brukar får eit nettverk.
- Hjelp til arbeid, dagtilbod og fritidsaktivitetar.
- Hjelp til planlegging og gjennomføring av daglege gjeremål ved bruk av t.d. dagsplanar eller vekeplanar.
- Hjelp til å utføre forskjellige gjeremål som t.d. butikkærrend.
- Innhaldet av tenesta skal leggjast opp ut frå behovet til brukar.

16.5 Våre forventningar til brukar

Brukarmedverknad, sjølvstendiggjering og aktivisering er vektlagt i tenesteytinga. Tenesta blir gjeven berre når brukar sjølv er til stades. Det er forventa at brukar sjølv deltek aktivt i miljøarbeidet ut i frå sitt funksjonsnivå.

16.6 Kommunale vilkår

Tenester som gjeld opplæring eller praktiske hjelp til personleg omsorg og hygiene, er gratis. Praktisk hjelp til reingjering av heimen, stell av klede osv., som ikkje er knytt til opplæring, er å sjå på som heimehjelpsrelaterte oppgåver, og dei kommunale vederlagsatsane for heimehjelp gjeld.

17.0 Avlastning i avlastningsbustad eller privat heim

17.1 Lovgrunnlag

«*Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester*» m.m. 3–2 nr. 6 bokstav d.
Pasient og brukerrettighetsloven, § 2-1

17.2 Målsetting

Omsorgsytar får avlastning slik at omsorga framleis kan skje i heimen.

17.3 Kven kan få tenesta

- Personar og familiær som har eit særleg tyngjande omsorgsarbeid.
- Behovet er slik at den som treng omsorg, ikkje kan vera åleine heile eller delar av døgnet.
- Omsorgsbehovet kan vera av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og hjelpebehovet må vera større enn vanleg for alderen (gjeld spesielt barn).
- Den som treng omsorg, må bu heime eller opphalde seg mellombels i kommunen.

17.4 Tenesteinnhald

- Avlastning kan gjevast i bustad eller heime hjå den som treng omsorg.
- Avlastning kan skje på dagtid, kveld eller natt.
- Den som treng omsorg, skal få tilpassa hjelp etter fagleg og individuell vurdering.

17.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar

- All tildeling av tenester skjer med bakgrunn i kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), etter individuell og tverrfagleg vurdering.
- Mål og planar for avlastninga skal utarbeidast i samarbeid med brukar, eventuelt pårørande.
- Plan for avlastning skal vera tidfesta.
- Det totale hjelpebehovet blir kartlagt av tildelingskontoret saman med søker og den som treng omsorg.

17.6 Våre forventingar til brukar

- Brukar er sjølv ansvarleg for verdisaker og gjenstandar han/ho tek med ved avlastning i bustad.
- Brukar gjev tildelingskontoret tilgang til nødvendige opplysningar om omsorgsbehovet. Eventuelt gjeld dette fullmakt til innhenting av nødvendige opplysningar slik at hjelpa kan bli fullgod.

17.7 Kommunale vilkår

- Pårørande/omsorgsytar må ta imot tilbod om tekniske hjelpemiddel.
- Foreldra si omsorgsplikt overfor mindreårige barn skal takast med i vurderinga før oppgåva kan seiast å vera omfattande og særskilt tyngjande.
- Vask av privat tøy blir utført ved lengre avlastningasopphald i bustad etter kvar einskul brukar sitt behov.
- Den som mottek avlastning, må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisinar og hjelpemiddel som blir brukt dagleg.

17.8 Praktiske opplysningar

Tenesta er gratis.

18.0 Omsorgsløn

18.1 Lovgrunnlag

Omsorgsløn kan tildelast med heimel i *helse- og omsorgstenestelova* § 3–6.

Pasient og brukerretighetsloven, §2-1a.

Dette er lønn til pårørande eller andre frivillige som har eit sær tyngjande omsorgsarbeid for personar med stort omsorgsbehov på grunn av alder, funksjonshemming og/eller sjukdom. Kommunane er pålagt å ha ordninga, men den er ikkje ein individuell rett for innbyggjarane.

18.2 Målsetting

Ordninga skal sørge for best mogleg omsorg for den som treng hjelp i dagleglivet og gjere det mogleg for private omsorgsytatar og halde fram med omsorgsarbeidet.

18.3 Grunnprinsipp om omsorgsløn

Tildeling av omsorgslønn skal skje etter ei totalvurdering, der omsorgslønn blir sett i samanheng med andre pleie- og omsorgstenester og eventuelt andre offentlege stønadsordningar.

Omsorgsarbeidet må skje i eigen heim.

Det skal føreliggje ein søknad, og søker kan vera omsorgsytar eller den hjelpetrengjande sjølv. Den omsorgstrengjande må støtte omsorgsgjevar sin søknad om omsorgsløn.

Den som treng omsorg, må ha eit dokumentert hjelpebehov på grunn av sjukdom, alder, funksjonshemming eller andre årsaker. Det er ein føresetnad at søker utfører omsorgsarbeid som elles ville høyre inn under helse- eller omsorgstenesta i kommunen. Den hjelpetrengjande skal tilfredsstille kriteria for tildeling av praktisk hjelp og/eller heimesjukepleie.

Inntektstap er ikkje noko vilkår for å motta omsorgslønn. Det betyr at Lom og Skjåk tildelingskontor ikkje skal ta omsyn til omsorgsgjevar sin økonomi i vurderinga av omsorgslønn. Omsorgslønn blir ikkje ytt som direkte time-for-time-betaling for omsorgsarbeidet, men som ei økonomisk påskjønning for omsorgsarbeidet.

18.4 Kven kan få tenesta

Kriteria for tildeling skal sikre at tildelinga av omsorgslønn byggjer på faglege vurderingar og er i samsvar med gjeldande lovverk og forskrifter.

For å sikre at den som treng omsorg får dekt behova sine, må Lom og Skjåk tildelingskontor i kvart tilfelle vurdere om omsorgsytaren er i stand til å gje forsvarleg omsorg. Grad av fysisk/psykisk belastande omsorgsarbeid sett i forhold til normalsituasjon. Viktige faktorar i vurderinga:

- Grad av nattarbeid – avbrot i sovn.
- Korleis omsorgsarbeidet er fordelt over tid, i periodar eller heile tida.
- Om omsorgsarbeidet har vara over lang tid og/eller er forventa å vara i ein lengre periode.
- Omsorga omfattar store deler av døgnet, slik at søker har avgrensa moglegheit til fritid.
- Om omsorgsarbeidet fører til sosial isolasjon og mangel på ferie og fritid.
- Om søker har omsorg for fleire enn ein person.

- Om søker har omsorgsplikt. Berre foreldre har omsorgsplikt for mindreårige barn. Det vil berre vera aktuelt med omsorgslønn dersom omsorga klart overstig vanleg omsorg for barn på same alder.
- Omsorgslønn må vurderast opp mot andre tenester og tiltak som kan avlaste omsorgsgjevar i det tyngjande omsorgsarbeidet.
- Omsorgsgjevar må i det enkelte tilfelle vera vurdert til å vera eigna og kompetent til omsorgsarbeidet både av den omsorgstrengjande og kommunen.

18.5 Klage

Klage skal sendast til Lom og Skjåk tildelingskontor, som vurderer saka på nytt. Dersom avslaget blir oppretthalde, sender forvaltninga klaga til Fylkesmannen i Oppland for endeleg avgjersle.

19.0 Avlastning i institusjon

18.1 Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. 3–2 nr. 6 bokstav d. Pasient- og brukerrettighetsloven, §§2-1a, 2-8.

19.2 Målsetting

Pleietrengjande som bur heime, kan få eit opphold på Skjåkheimen i eit stuttare tidsrom, slik at dei som har den daglege omsorga kan få avlastning.

19.3 Kven kan få tenesta

Dei som har eit tyngjande omsorgsarbeid for heimebuande som treng pleie.

19.4 Tenesteinnhald

Opphold på Skjåkheimen for den som er pleietrengjande. Tenesta omfattar pleie og omsorg, men ikkje utgreiing, behandling og rehabilitering.

19.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar

- Mål og planar for tenesta til brukar skal utarbeidast i samarbeid med brukar og eventuelt pårørande, jf. «Lov om pasient- og brukerrettigheter» og «Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester» m.m.
- All tildeling av tenester blir gjort med bakgrunn i kartlegging av funksjonsnivået etter individuell og tverrfagleg vurdering.
- All pleie og omsorg blir gjeve i samarbeid med autorisert helsepersonell.
- Berre autorisert helsepersonell skal handtere legemiddel, etter utskriving av lege.
- Tilbod om å delta på sosiale tilstellingar på Skjåkheimen.

19.6 Kva kan vi forvente av brukar

- Den enkelte pasienten utfører det han/ho meistrar.
- Brukar tek med seg legemiddel og medisinsk utstyr.
- Brukar tek sjølv ansvar for verdisakar som blir tekne med til Skjåkheimen.
- Brukar sørger for at private klede er merkte.
- Brukar sørger for transport til og frå Skjåkheimen.
-

19.7 Praktiske opplysningar

Tenesta er gratis.

20.0 Korttids- og rehabiliteringsopphold i institusjon

20.1 Lovgrunnlag

*Lov om kommunale helse-og omsorgstjenester m.m. § 3–2 nr. 6 bokstav c.
Pasient- og brukerretighetsloven, §2-1a.*

20.2 Målsettinga

- Brukar deltek i utarbeiding av mål og planar for opphaldet.
- Brukar held oppe/trenar opp funksjonar på nytt.
- Tverrfagleg samarbeid der vidare omsorg blir avklara.
- Førebygge langtidsopphold på Skjåkheimen.
- Medisinsk behandling.
- Kvardagsrehabilitering, ADL-trening.

20.3 Kven kan få tenesta

Pasientar som for ein stuttare periode treng døgnkontinuerleg pleie, behandling, tilsyn og/eller opptrening/rehabilitering. I samarbeid med tverrfagleg team og andre relevante samarbeidspartnarar vurderer Lom og Skjåk tildelingskontor om nødvendig helsehjelp kan gjevast i heimen. Der denne hjelpa kan gjevast på ein forsvarleg måte, har søkeren ikkje krav på kortids-/rehabiliteringsplass på Skjåkheimen.

20.4 Tenesteinnhald

- I ein innkomstsamtale blir målet for opphaldet sett.
- Tidsavgrensa opphold med forventa rehabiliteringspotensial etter medisinsk vurdering.
- Brukarane får individuell pleie, behandling, tilsyn og rettleiing, der målet er at dei skal greie mest mogleg sjølv.
- Observasjon.
- Medisinsk behandling og pleie ved sjukdom.
- Medisinsk behandling, pleie og tilsyn som ikkje krev sjukehusinnlegging.
- Det skal ytast tverrfagleg oppfylging. Tilsynslege viser pasientar til fysioterapeut og spesialisthelseteneste ved behov.

- Tenesta legg til rette for at brukar har nødvendige hjelpemiddel.
- Vurdering av tilstand og funksjonsnivå med tanke på behandling, tiltak og framtidige omsorgsbehov.
- Etterbehandling frå sjukehus.
- All pleie og omsorg skjer i samarbeid med autorisert helsepersonell.
- Autorisert helsepersonell handterer legemiddel etter utskriving av lege.
- Tilbod om å delta på sosiale tilstellingar på Skjåkheimen.
- Pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester skal få tilbod om å få utarbeidd ein individuell plan, jf. «Lov om pasient- og brukerrettighetsloven» § 2–5.
- Fri transport til behandling hjå spesialisthelsestenesta.
- Fotpleiar og frisør kan bestillast mot eigenbetaling. Denne tenesta blir gjeven i institusjonen.
- Fri tannbehandling ved offentleg tannklinik.
- Pleie og omsorg ved slutten av livet.
- Tidsavgrensa opphold/rehabilitering blir ikkje automatisk eit langtidsopphold sjølv om behovet for hjelp aukar. Forlenging av opphold skjer etter tverrfagleg vurdering.

20.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar

- All tildeling av tenester blir gjort med bakgrunn i kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), etter individuell og tverrfagleg vurdering.
- Det blir sendt ut skriftleg vedtak med utgreiing om tenesta.
- Kontakt med andre tenesteområde blir vurdert ved behov.

20.6 Våre forventningar til brukar/pårørande/hjelpeverje

- Den enkelte pasienten utfører det han/ho meistrar.
- Brukar tek sjølv ansvar for verdisakar som er med til Skjåkheimen.
- Brukar sørger for at private klede er merkte.
- Brukar sørger for transport og betaling for den til og frå Skjåkheimen.

20.7 Praktiske opplysninger

Vederlag for opphaldet blir kravd i samsvar med «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester», vedteken 16. desember 2011, Kap. 1 av Helse- og omsorgsdepartementet og i lov av 24. juni nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 11–2 , der kommunen får heimel for å krevja eigenbetaling for opphald i institusjon etter khol. §3–2 nr. 6, bokstav c.

21.0 Langtidsopphold i institusjon

21.1 Lovgrunnlag

*Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 nr. 6 bokstav c.
Pasient- og brukerrettighetsloven, §2-1a.*

21.2 Målsetting

Brukar får dekt behovet for heildøgns pleie og omsorg, slik at han/ho skal kunne sikrast ein verdig, trygg og meiningsfull alderdom på institusjon.

21.3 Kven kan få tenesta

Pasientar som har behov for tenester ut over det som på ein fagleg forsvarleg måte ikkje kan gjevast i heimen.

21.4 Tenesteinnhald

- Tenesta blir innvilga for ein lengre periode, eller som eit opphald livet ut.
- Innkomst-/kartleggingssamtale med vurdering av funksjonsnivå, utarbeiding av mål for pleia og vurdering av eventuelt behandlingsbehov.
- Medisinsk behandling, pleie og tilsyn som ikkje krev sjukehusinnlegging.
- Observasjon.
- Etterbehandling etter sjukehusopphald.
- All pleie og omsorg skjer i samarbeid med autorisert helsepersonell.
- Individuell pleie, behandling, tilsyn og rettleiing skjer slik at pasienten klarer mest mogleg sjølv, etter prinsippet om «hjelp til sjølvhjelp».
- Legemiddelhandtering skal utførast av autorisert helsepersonell/faglært personale med medisindelegering, og etter utskrivning av lege.
- Det skal ytast tverrfagleg oppfylging. Tilsynslegen er på Skjåkheimen to dagar i veka.
- Tilsynslege viser pasientar til fysioterapeut og spesialisthelseteneste ved behov.
- Pasientar med behov for langvarige og samordna tenester skal få tilbod om å få utarbeidd ein individuell plan, jf. «Lov om pasient- og brukerrettighetsloven» § 2–5.
- Tenesta legg til rette for at brukar har nødvendige hjelpemiddel.
- Fri eigenandel ved transport og behandling hjå spesialisthelsetenesta.
- Fri tannbehandling ved offentleg tannklinikk.
- Tilbod om å delta på sosiale tilstellingar på Skjåkheimen.
- Fotpleiar og frisør kan bestillast mot eigenbetaling. Denne tenesta blir gjeven i institusjonen. Brukar med diabetes kan få refundert utgiftene til fotpleiar frå Skjåkheimen.
- Pleie og omsorg ved slutten av livet.

21.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar

- Innkomstsamtale og kartlegging av funksjonsnivå.
- Tildeling av tenesta med bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivået (IPLOS), etter individuell og tverrfagleg vurdering.
- Skriftleg vedtak, tenesteomtale og ei orientering om vederlag for opphald i institusjon blir utsendt. Vederlagsutrekninga blir gjort saman med økonomiavdelinga.
- Revurdering av tilbodet ved endring av funksjonsnivå.

21.6 Våre forventninger til brukar/pårørande/hjelpeverge

- Gi nødvendige opplysningar i samsvar med «Vederlag for opphold i institusjon».
- Den enkelte pasienten utfører sjølv det han/ho meistrar.
- Forståing for at vedtaket kan endrast ved endring av funksjonsnivå.
- Brukar er ansvarleg for verdisaker og gjenstandar som blir tekne med til Skjåkheimen.
- Brukar sørgjer for at tøyet er merkt.

21.7 Kommunale vilkår

Alle vilkår for tildeling av pleie- og omsorgstenester av praktisk, personleg hjelp, og opplæring i heimen skal vera vurderte. Dette betyr at heimesjukepleie, praktisk hjelp, korttidsopp hold, dagtilbod og ev. avlastning er vurdert som ikkje formålstenleg før langtidsopp hold på Skjåkheimen blir innvilga.

21.8 Praktiske opplysningar

Vederlag for opphaldet blir kravd i samsvar med «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester», vedteken 16. desember 2011, Kap. 1 av Helse- og omsorgsdepartementet, og i «Lov av 24. juni nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester» m.m § 11-2 , der kommunen får heimel for å krevja eigenbetaling for opphold i institusjon etter khol §3-2 nr. 6, boktav c.